

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 23.10.2025
Tid: Kl. 09:00 - 13:00

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Gro Sissel Dale	AP
Hildur Akse	AP
Jan Arvid Støyva	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Eva Mette Høie	H
Geir Helge Nordstrand	H
Øyvind Høie	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tønning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Christian Hatlem Skår	AP		

Merknader:

Thea J. Pedersen møtte frå kl. 09.25 under orienteringssaker.

Møtet vart mellombels heva 11:30 - 12:05 (matpause).

Andre møtande: Kommunalsjefane Hildegunn Hatlem, Linda Dalsøren Meier og Elin Garnes Solås under budsjettorienteringa.

Møtereferent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/056	Godkjenning av innkalling
25/057	Godkjenning av sakliste
25/058	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/059	Referat- og orienteringssaker
25/060	Spørjetimen
25/061	Budsjettkontroll 3. kvartal 2025
25/062	Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Hyllestad kommune
25/063	Endring av retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond
25/064	Val av leiar og nestleiar til Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter
25/065	Val av ungdomsråd 2025 - 2027
25/066	Miljøgransking i sjø og deltaking i felles overvakingsprogram for Sognefjorden
25/067	Høyringsuttale tannhelsetenesta

25/056: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Samrøystes.

KOMM- 25/056 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/057: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

SP v/Morten Askvik sette fram framlegg om ekstrasak om høyringsinnspel til tannhelsetenesta.

Saklista vart samrøystes godkjent, med tilleggssaka.

KOMM- 25/057 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre med tilleggssak om høyringsinnspel tannhelsetenesta.

25/058: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Samrøystes.

KOMM- 25/058 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/059: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Ordførar presiserte nokre enkle reglar for møtet: Ikkje mat/ete under møtet (kaffi og vatn ok) og ved innlegg er det ønskjeleg at ein brukar talarstolen.

Presentasjon av budsjettframlegg for 2026.

Aktuelt frå ordføraren:

- 17.09.2025 var det synfaring på fv 607, lokale politikarar, lokale sjåførar, administrasjonen og fylkeskommunen var med på turen. Bussen gjekk frå Lavik - Skifjorden - Lutelandet - Dale - Aksane. Det vil komme ei utgreiing på fv 607.
- Ambulansetenesta - det var møte med Helse Førde 06.10. der ein fekk ei orientering om situasjonen. Det skal òg vere eit møte med helseministeren i Lærdal 29.10. som ein prøver å få vere med på.
- Innspel frå eldrerådet - kva kan dei eldre frå hjelp til i ulike situasjonar?

KOMM- 25/059 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/060: Spørjetimen

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

KOMM- 25/060 VEDTAK:

Ingen spørsmål til møtet.

25/061: Budsjettkontroll 3. kvartal 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hylestad kommunestyre tek "Budsjettkontrollrapport 3. kvartal 2025" til vitande.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

SP v/Morten Askvik om ekstra stilling i sentraladministrasjonen er innforbi ramma?
- Stillinga er innforbi ramma og finansiert av eksterne midlar og ulike prosjekt.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/061 VEDTAK:

Hylestad kommunestyre tek "Budsjettkontrollrapport 3. kvartal 2025" til vitande.

25/062: Forskrift om vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Hyllestad kommune

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek forskrift om vedtekter for skulefritidsordninga i Hyllestad kommune med verknad frå 23.10.2025 med heimel i lov av 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle og språklege endringar i teksten før publisering.

Framlegg til vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Hyllestad

§1. Verkeområde

Forskrifta gjeld for den kommunale skulefritidsordninga (SFO) i Hyllestad kommune for elevar på 1. - 4. årstrinn, og for elevar med særskilt behov på 1. -7.- trinn, jamfør opplæringslova § 4-5 med forskrifter.

§2 Formål og innhald

Hyllestad kommune skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1.-4. årstrinn og for elevar på 1. -7. årstrinn med særskild behov, jf. opplæringslova § 4-5.

Innhald og aktivitet skal utformast i samsvar med rammeplanen for SFO. Det skal leggjast til rette for lek, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet, friluftsliv og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå, og interesser. Barna skal ha reell medverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn (opplæringslova § 4-5).

Opplæringslova sitt krav om eleven sin rett til eit godt fysisk, psykisk og sosialt miljø gjeld også for SFO (opplæringslova kap. 12). Skulen sitt ordensreglement gjeld og for elevar i skulefritidsordninga.

§ 3 Eigartilhøve

Hyllestad kommune står som eigar av den kommunale skulefritidsordninga.

§ 4 Søknad, opptak og endring eller oppseiing av plass

§ 4.1. Søknadsfrist

Søknadsfrist for hovudopptaket er 15.mars.

Ein søker elektronisk gjennom det skuleadministrative systemet. Lenkje finn ein på heimesida til Hyllestad kommune.

For barn i 5.-7.klasse med særskilde behov, må ein i tillegg til søknad legge fram sakkunnig vurdering.

§ 4.2. Opptaksmynde

Rektor ved Hyllestad skule er opptaksmynde. Myndet kan delegerast til leiar av SFO.

§ 4.3. Opptaksperiode

Tildelt plass gjeld frå det tidspunktet som står oppført i tildelingsbrevet.

Tilbodet gjeld til det blir meldt endring eller plassen blir sagt opp. Tilbodet blir automatisk avslutta ved slutten av 4.klasse.

§ 4.4. Opptakskriterium

Alle barn i 1. -4. klasse og barn med særskilde behov i 1.-7. klasse som søker SFO – tilbod innan fristen skal få tilbod om plass i skulefritidsordninga.

§ 4.5. Opptak utanom hovudopptak

Dersom det er ledig kapasitet, kan ein søkje om opptak utanom ordinært opptak. Ein søker elektronisk.

§ 4.6. Endring og oppseiing av plass i skulefritidsordninga

Foreldre/føresette kan seie opp eller endre tilbodet til barnet elektronisk i det skuleadministrative systemet.

Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 månad frå den datoen ein seier opp plassen. Det må betalast for oppseiingsmånaden, og plassen kan nyttast i oppseiingsmånaden.

Ved byte til eit mindre tilbod gjeld og oppseiingsfristen på ein månad. Ved byte til eit større tilbod kan endring gjelde straks dersom det er ledig kapasitet.

Kommunen kan seie opp plassen ved misleghald av betaling.

§ 4.6. Klage på opptak

Avslag på, eller innvilga av plass i SFO er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagen må vere skriftleg og sendast til kommunen.

§ 5. Foreldrebetaling

§ 5.1. Fastsetjing av satsar

Betalingssatsane vert fastsette årleg av kommunestyret. Satsane vert publiserte på kommunen si heimeside.

Kostpengar kjem i tillegg til ordinær SFO – pris.

§ 5-2. Moderasjonsordningar for skulefritidsordninga

Redusert foreldrebetaling:

For føresette med låg inntekt er det redusert foreldrebetaling for elevar i 1. -4.klasse. Betalinga skal ikkje overskride 6 % av samla personal- og kapitalinntekt.

12 timars gratis SFO:

Alle 1.-3.klasse elevar får tilbod om 12 timar i veka gratis opphald på i SFO.

Søskenmoderasjon:

Når familien har fleire born i skulefritidsordninga, vert satsen redusert med 30% for barn nummer 2, og frå barn nummer 3 eller fleire er reduksjonen på 50%.

Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. til 7. trinn: Kommunen skal gje tilbod om gratis skulefritidsordning for elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn. Kommunen kan krevje betaling for kost (sjå forskrift om grunnskoleopplæringa, § 2-3)

§ 5-3: For sein henting

Ved for sein henting vert føresette fakturert i tråd med satsane fastsett av kommunestyret.

§ 6. Leike- og opphaldsareal

SFO areala inne og ute skal vere tilpassa aktiviteten. Skulefritidsordninga har eigen base i kjellaren på Hyllestad skule. SFO disponerer elles uteområdet i tilknytning til skulen, og nyttar hallen og andre spesialrom når det er formålstenleg.

§ 7. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

§ 7.1. Dagleg opphaldstid

SFO si opningstid er frå 07.00-08.45, og frå 14.30-16.00 på skuledagar.

§ 7.2. Årleg opphaldstid

Skulefritidsordninga følgjer skuleruta, og er open 190 elevdagar.

§ 7.3. SFO tilbod skuleferiar

Kommunen er ikkje forplikta til å gje tilbod om SFO i feriane, men ved behov kan ein ha slikt tilbod. Dette tilbodet krev minst fem påmelde barn kvar dag. Det må søkjast særskild om tilbod i skuleferiar. Påmeldingsskjema vert sendt ut gjennom VFS. Det er eigne betalingssatsar for SFO tilbod i skuleferiar. Påmelding til tilbodet er bindande.

§ 8. Personale og leing

Rektor har det administrative, faglege, pedagogiske og økonomiske ansvaret for SFO. Deler av ansvaret kan delegerast til SFO – leiar.

Personalet i skulefritidsordninga er tilsette på Hyllestad skule. Bemanninga skal vere forsvarleg. Det skal til vanleg vere ei grunnbemanning på 1 vaksen pr. 15 barn.

Alle som arbeidar og oppheld seg i skulefritidsordninga skal leggje fram tilfredsstillande politiattest jf. opplæringslova § 17-11.

Alle tilsette i SFO har teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Personalet på SFO har samarbeids- og opplysningsplikt til barnevernstenesta etter opplæringslova §§ 24-1, 24-2 og 24-3.

Kommunen skal syte for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og skulefritidsordninga jf. opplæringslova 4-7.

§ 9. Skyss

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod før og etter skuletid, og elevar i SFO har ordinært ikkje rett til skuleskyss. Opplæringslova § 4-1 gjev unntak for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane.

§ 10. Endring

Endringar i forskrifta skjer ved vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektøren har mynde til å vedta endringar i forskrifta når det følgjer av krav i lov eller nasjonal forskrift.

§ 11. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Kommunedirektøren sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Siste avsnitt under vurderingane vert flytta opp som pkt. 3 i vedtektene:

”I § 7.1. vert det lagt til setninga:

“Kommunen ved rektor og SFO leiar kan etter vurdering av behov, og innanfor økonomiske og personmessige rammer, tilpasse opningstida i høve den fastsette daglege opningstida”.

Det vart røysta over framlegg til vedtak og tilleggsframlegg, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/062 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek forskrift om vedtekter for skulefritidsordninga i Hyllestad kommune med verknad frå 23.10.2025 med heimel i lov av 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle og språklege endringar i teksten før publisering.

Framlegg til vedtekter for kommunal skulefritidsordning, Hyllestad

§1. Verkeområde

Forskrifta gjeld for den kommunale skulefritidsordninga (SFO) i Hyllestad kommune for elevar på 1. - 4. årstrinn, og for elevar med særskilt behov på 1. -7.- trinn, jamfør opplæringslova § 4-5 med forskrifter.

§2 Formål og innhald

Hyllestad kommune skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1.-4. årstrinn og for elevar på 1. -7. årstrinn med særskild behov, jf. opplæringslova § 4-5.

Innhald og aktivitet skal utformast i samsvar med rammeplanen for SFO. Det skal leggjast til rette for leik, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet, friluftsliv og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå, og interesser. Barna skal ha reell medverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn (opplæringslova § 4-5).

Opplæringslova sitt krav om eleven sin rett til eit godt fysisk, psykisk og sosialt miljø gjeld også for SFO (opplæringslova kap. 12). Skulen sitt ordensreglement gjeld og for elevar i skulefritidsordninga.

§ 3 Eigartilhøve

Hyllestad kommune står som eigar av den kommunale skulefritidsordninga.

§ 4 Søknad, opptak og endring eller oppseiing av plass

§ 4.1. Søknadsfrist

Søknadsfrist for hovudopptaket er 15.mars.

Ein søker elektronisk gjennom det skuleadministrative systemet. Lenkje finn ein på heimesida til Hyllestad kommune.

For barn i 5.-7.klasse med særskilde behov, må ein i tillegg til søknad legge fram sakkunnig vurdering.

§ 4.2. Opptaksmynde

Rektor ved Hyllestad skule er opptaksmynde. Myndet kan delegerast til leiar av SFO.

§ 4.3. Opptaksperiode

Tildelt plass gjeld frå det tidspunktet som står oppført i tildelingsbrevet.

Tilbodet gjeld til det blir meldt endring eller plassen blir sagt opp. Tilbodet blir automatisk avslutta ved slutten av 4.klasse.

§ 4.4. Opptakskriterium

Alle barn i 1. -4. klasse og barn med særskilde behov i 1.-7. klasse som søker SFO – tilbud innan fristen skal få tilbud om plass i skulefritidsordninga.

§ 4.5. Opptak utanom hovudopptak

Dersom det er ledig kapasitet, kan ein søkje om opptak utanom ordinært opptak. Ein søker elektronisk.

§ 4.6. Endring og oppseiing av plass i skulefritidsordninga

Foreldre/føresette kan seie opp eller endre tilbudet til barnet elektronisk i det skuleadministrative systemet.

Oppseiingsfristen er gjensidig og gjeld 1 månad frå den datoen ein seier opp plassen. Det må betalast for oppseiingsmånaden, og plassen kan nyttast i oppseiingsmånaden.

Ved byte til eit mindre tilbud gjeld og oppseiingsfristen på ein månad. Ved byte til eit større tilbud kan endring gjelde straks dersom det er ledig kapasitet.

Kommunen kan seie opp plassen ved misleghald av betaling.

§ 4.6. Klage på opptak

Avslag på, eller innvilga av plass i SFO er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagen må vere skriftleg og sendast til kommunen.

§ 5. Foreldrebetaling

§ 5.1. Fastsetjing av satsar

Betalingssatsane vert fastsette årleg av kommunestyret. Satsane vert publiserte på kommunen si heimeside.

Kostpengar kjem i tillegg til ordinær SFO – pris.

§ 5-2. Moderasjonsordningar for skulefritidsordninga

Redusert foreldrebetaling:

For føresette med låg inntekt er det redusert foreldrebetaling for elevar i 1. -4.klasse. Betalinga skal ikkje overskride 6 % av samla personal- og kapitalinntekt.

12 timars gratis SFO:

Alle 1.-3.klasse elevar får tilbud om 12 timar i veka gratis opphald på i SFO.

Søskensmoderasjon:

Når familien har fleire born i skulefritidsordninga, vert satsen redusert med 30% for barn nummer 2, og frå barn nummer 3 eller fleire er reduksjonen på 50%.

Gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5. til 7. trinn: Kommunen skal gje tilbud om gratis skulefritidsordning for elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn. Kommunen kan krevje betaling for kost (sjå forskrift om grunnskoleopplæringa, § 2-3)

§ 5-3: For sein henting

Ved for sein henting vert føresette fakturert i tråd med satsane fastsett av kommunestyret.

§ 6. Leike- og opphaldsareal

SFO areala inne og ute skal vere tilpassa aktiviteten. Skulefritidsordninga har eigen base i kjellaren på Hyllestad skule. SFO disponerer elles uteområdet i tilknytning til skulen, og nyttar hallen og andre spesialrom når det er formålstenleg.

§ 7. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

§ 7.1. Dagleg opphaldstid

SFO si opningstid er frå 07.00-08.45, og frå 14.30-16.00 på skuledagar. Kommunen ved rektor og SFO leiar kan etter vurdering av behov, og innanfor økonomiske og personalmessige rammer, tilpasse opningstida i høve den fastsette daglege opningstida.

§ 7.2. Årleg opphaldstid

Skulefritidsordninga følgjer skuleruta, og er open 190 elevdagar.

§ 7.3. SFO tilbod skuleferiar

Kommunen er ikkje forplikta til å gje tilbod om SFO i feriane, men ved behov kan ein ha slikt tilbod. Dette tilbodet krev minst fem påmelde barn kvar dag. Det må søkjast særskild om tilbod i skuleferiar. Påmeldingsskjema vert sendt ut gjennom VFS. Det er eigne betalingssatsar for SFO tilbod i skuleferiar. Påmelding til tilbodet er bindande.

§ 8. Personale og leing

Rektor har det administrative, faglege, pedagogiske og økonomiske ansvaret for SFO. Deler av ansvaret kan delegerast til SFO – leiar.

Personalet i skulefritidsordninga er tilsette på Hyllestad skule. Bemanninga skal vere forsvarleg. Det skal til vanleg vere ei grunnbemanning på 1 vaksen pr. 15 barn.

Alle som arbeidar og oppheld seg i skulefritidsordninga skal leggje fram tilfredsstillande politiattest jf. opplæringslova § 17-11.

Alle tilsette i SFO har teieplikt etter forvaltningslova § 13.

Personalet på SFO har samarbeids- og opplysningsplikt til barnevernstenesta etter opplæringslova §§ 24-1, 24-2 og 24-3.

Kommunen skal syte for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og skulefritidsordninga jf. opplæringslova 4-7.

§ 9. Skyss

Skulefritidsordninga er eit frivillig tilbod før og etter skuletid, og elevar i SFO har ordinært ikkje rett til skuleskyss. Opplæringslova § 4-1 gjev unntak for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane.

§ 10. Endring

Endringar i forskrifta skjer ved vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektøren har mynde til å vedta endringar i forskrifta når det følgjer av krav i lov eller nasjonal forskrift.

§ 11. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.

25/063: Endring av retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune vedtek å endre lokale retningslinjer for bruk av viltfondet i Hyllestad kommune. Hyllestad kommune erstattar dagens retningslinjer med retningslinjene som Askvoll og Fjaler har (vedlagt)

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

H v/Geir Helge Nordstrand ba om at saka vert utsett og sendt tilbake til administrasjonen, for å bli sendt på høyring før politisk handsaming, først i plan og samfunn og deretter i kommunestyret.

Framlegget frå H vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/063 VEDTAK:

Saka vert utsett og sendt tilbake til administrasjonen, for å bli sendt på høyring før politisk handsaming, først i plan og samfunn og deretter i kommunestyret.

25/064: Val av leiar og nestleiar til Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel Ingunn Sognnes som leiar i styret til stiftinga Norsk Kvernsteinsenter. Som nestleiar vert Hildur Akse vald.

Valperioden er på to år (ut valbolken 2023-2027).

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/064 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel Ingunn Sognnes som leiar i styret til stiftinga Norsk Kvernsteinsenter. Som nestleiar vert Hildur Akse vald.

Valperioden er på to år (ut valbolken 2023-2027).

25/065: Val av ungdomsråd 2025 - 2027

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgjande representantar til ungdområdet for dei neste to åra (2025-2027 valbolken):

1. Dmitrij Savchenko, leiar
2. Mari Ness, nestleiar
3. Leigh Arian Cadurnigara
4. Lene Marie Dale
5. Wiktorja Dembek

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/065 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vel følgjande representantar til ungdomrdået for dei neste to åra (2025-2027 valbolken):

1. Dmitrij Savchenko, leiar
2. Mari Ness, nestleiar
3. Leigh Arian Cadurnigara
4. Lene Marie Dale
5. Wiktorja Dembek

25/066: Miljøgransking i sjø og deltaking i felles overvåkingsprogram for Sognefjorden**KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Hyllestad kommunestyre løyver kr 55 946,- til deltaking i overvåkingsprogram for Sognefjorden 2025-2027.

Løyvinga finansierast over disposisjonsfondet.

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/066 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre løyver kr 55 946,- til deltaking i overvåkingsprogram for Sognefjorden 2025-2027.

Løyvinga finansierast over disposisjonsfondet.

25/067: Høyringsuttale tannhelsetenesta

Kommunestyret 23.10.2025

Handsaming:

Blir over til administrasjonen i første omgang

KOMM- 25/067 VEDTAK:

Saka vert sendt over til administrasjonen for utarbeiding av høyringsuttale.